



Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Tungestølen turisthytte

Dato: 03.09.2024

Tidspunkt: 09:00 - 12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Hege Lothe	Medlem	Vestland fylkeskommune
Stig Ove Ølmheim	Medlem	Sogndal kommune
Andreas Wollnick Wiese	Leiar	Luster kommune
Stine Fjellkårstad	Nestleiar	Stryn kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre hadde styremøte, samt synfaring i Langedalen og Austerdalen i ei todagarssamling på Tungestølen i Luster.

Anne Rudsengen, SNO, var med på både møtet og synfaring.

Andre frammøtte:

Namn

Tor Arne Hauge

Trygve Snøtun

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Andreas Wollnick Wiese

Oddmund Klakegg

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 25/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 26/24	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 27/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Vetledalseter turisthytte - Dispensasjon - Montering av solcellepanel - Indre Nordfjord Turlag		2024/12183
ST 28/24	Delegerte saker		
DS 3/24	Delegert vedtak - Forlenga frist for utbetring av sti til Bresanden i Briksdalen - Per Briksdal		2023/18230
DS 4/24	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Lågtflyging med helikopter - Fotografering - 2024 - JOSTICE - NVE		2024/11330
ST 29/24	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 30/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Motorferdsel - Uthenting av felt hjort med helikopter - Ruteflotdalen		2024/12652

Orienteringssaker

1. Status tiltaksplan og økonomi
2. Utkast til hovudplakat
3. Re-autorisering av besøkssenteret i Oppstryn
4. Mediasaker sidan sist

ST 25/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.09.2024

Handsaming i møte

Ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Vedtak

Samrøystes vedteke.

ST 26/24 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.09.2024

Handsaming i møte

Oddmund Klakegg vart i møtet føreslått å skrive under protokoll i lag med styreleiar.

Vedtak

Samrøystes vedteke.

ST 27/24 Jostedalsbreen nasjonalpark - Vetledalseter turisthytte - Dispensasjon - Montering av solcellepanel - Indre Nordfjord Turlag

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.09.2024

Handsaming i møte

Gjennomgang av saka frå forvaltar.

Vedtak

Samrøystes vedteke i tråd med innstilling.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev Indre Nordfjord Turlag dispensasjon til fasadeendring for oppføring av eit solcellepanel på Vetledalseter turisthytte. Dispensasjonen er gjeven med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV, punkt 1.3, fyrste strekpunkt.

Det vert sett som vilkår at:

1. plasseringa av solcellepanelet vert som om søkt; i kroken på sørvest-sida av hytta, opp under rafta.
2. solcellepanelet skal monterast flatt på vegg eller vinklast mot sola for å utnytte panelet best mogeleg.
3. solcellepanelet skal vere monokrystallinsk i matt svart farge, og ikkje større enn 140 cm breitt og 60 cm høgt.
4. det skal ikkje monterast uteljøs på bygningen som følgje av tiltaket
5. løyvet gjeld i 5 år frå vedtaksdato.
6. søker skal etter oppføringa av solcellepanelet sende biletdokumentasjon av gjennomført tiltak til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Det er lagt særleg vekt på at tiltaket ikkje vil påverke verneføremålet og verneverdiane nemneverdig.

ST 28/24 Delegerte saker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.09.2024

Handsaming i møte

Gjennomgang av delegerte saker av forvaltarar. Styret tok sakene til vitande.

Vedtak

ST 29/24 Orienterings- drøftings- og referatsaker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.09.2024

Handsaming i møte

Forvaltarane orienterte og diskuterte sakene under med nasjonalparkstyret, som tok det til vitande:

1. Status tiltaksplan og økonomi.
2. Utkast til hovudplakat.
3. Re-autorisering av besøkssenteret i Oppstryn.
4. Orientering frå SNO.
5. Mediasaker sidan sist.

Nasjonalparkstyret ønskjer å få tilsendt handsaming av planprogrammet til gondol i Kjøsnesfjorden.

Vedtak

ST 30/24 Jostedalsbreen nasjonalpark - Motorferdsel - Uthenting av felt hjort med helikopter - Ruteflotdalen

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 02.09.2024

Oddmund Klakegg

Avslag til bruk av helikopter til transport av felt hjort frå Ruteflotdalen i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Handsaming i møte

Gjennomgang av saka frå forvaltar.

Nasjonalparkstyret diskuterte om eit løyve kunne gje ein uheldig presedensverknad for liknande saker i framtida. Det vart også påpeika at jaktkulturen tilseier at det ikkje skal vere naudsynt med ekstern hjelp i samband utøving av jakt.

Oddmund Klakegg fremma forslag om å avslå søknad.

Vedtak

Forslag om å avslå søknad vart samrøystes vedteke.

Nesdal og Kjenndal Hjortelag får med det ikkje løyve til å bruke helikopter til transport av felt hjort i Ruteflotdalen i Jostedalsbreen nasjonalpark.